

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Lindås kommune, post@lindas.kommune.no

Att: Arne Helgesen, Kopi Bente Førland

25/1/2019

Klage i sak 14/6480 – 19/2517 – Godkjent røyrleggjarmelding 202/108

Bakgrunn

Gjennom sitt vedtak 24/1/2019 har Lindås kommune godkjent tilkopling til mitt kloakkanlegg for bygningsnummer 176337494 Garasjeuthus, og i tillegg til eit bygg som ikkje har bygningsnummer.

Tidlegare er det det gjeve løyve til tilkopling av bygningsnummer 172694876 Fritidsbygg. Manglar ved dette er no retta opp etter ein 5 år lang prosess med VA-avdelinga.

Klage

Eg har rettsleg klageinteresse fordi det ulovlege anlegget til 202/108 er tilknytt mitt hovudanlegg i Helleåsen bustadområde.

Eg klagar på vedtaket datert 24/1/2019, då det er gjort sakshandsamingsfeil.

Eg ynskjer vedtaket annullert, og at det vert gjort ny vurdering i samband med ein korrekt sakshandsamingsprosess

Kritiske spørsmål til sakshandsaminga

- Kvifor godkjenner Lindås kommune VA-tilkopling til eit bygg som ikkje har byggenummer i matrikkelen – dette indikerer jo at det er eit ulovleg/uregistrert bygg?
- Kvifor vert det gjeve godkjenning på røyrleggjarmeldinga til bygg 176337494 Garasjeuthus, når byggjeløyvet for dette bygget er gjeve på vilkår av at det ikkje vert lagt inn vatn og avløp?
- Kvifor vert det godkjent røyrleggjarmelding når etablering av VVS anlegg i bygg 176337494 og det unummererte bygget ikkje er omsøkt?
- Kvifor godkjenner VA avdelinga røyrleggjarmeldinga utan å konferere med Byggjesaksavdelinga som har stilt krav om at når det gjeld dei to andre byggja så må det omsøkjast dersom dei skal koplust til det aktuelle boreholet?